
Fra: "Øystein Leikvoll" <oleikvol@broadpark.no>
Sendt: 5. mai 2014 13:25
Til: Nina Bakanova
Emne: Re: Manglar i sak 14/3336 - forlenging av takutstikk Gbnr 108/127
Lindås
Vedlegg: Tegning takutstikk.JPG
Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

On 28-04-14, **Nina Bakanova** <Nina.Bakanova@lindas.kommune.no> wrote:

Øystein Leikvoll

Grønfjellet 12
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3336 - 14/9841

Saksbehandlar:
Nina Bakanova
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:
28.04.2014

Hei!

Viser til tlf samtale 02.05.

Eg søkjer med dette fritak frå pbl § 20-1. Eg begrunner dette med at endringen er liten og ikkje kompleks..

Takutsticket skal berast av ein dragar på søyle.
Vedlagt er tegning med forklaring.

Vennligst ta kontakt dersom noko er uklart

Mvh Øystein Leikvoll
Tlf 95856952

Manglar i sak 14/3336 - forlenging av takutstikk Gbnr 108/127

Lindås

Det vert vist til søknad om forlenging av takutstikk, motteke 07.04.2014. Administrasjonen har prinsipielt ingenting imot prosjektet, men dokumentasjon som krevjast må vere på plass.

Teikningar

De innsendte teikningar er ikkje fagmessig utførte. Vi ber om utgreiing av følgjande forholda:

1. Kva takutstikket skal ha som støtte: tett vegg eller søyler.
2. Kva for ein del av taket skal skiftast og hevjast.

Det må også sendast inn planteikning av tiltaket og eitt snitt som viser høgde på tiltaket. Teikningane må vere målsatt og i samsvar med situasjonsplan.

Søknadsform

Det omsøkte tiltaket er påbygg, men ikkje tilbygg. I følge pbl § 20-1 skal det omsøkte tiltaket forestås av føretak med ansvarsrett. Det skal anten sendast inn søknad om løyve i eitt trinn eller det kan søkjast fritak frå pbl § 20-1.

Fristar

Det vert gjeve 4 vekers frist for retting av manglar. Viss manglane ikkje er retta innafor fristen (26.05.2014), kan saka verte avslutta utan vidare varsel. Byggjearbeida kan ikkje setjast i gang før det er gitt skriftleg løyve frå kommunen.

Sakshandsamingstid

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. §21-2 og byggesak kapittel 5. Reglar om fristar for sakshandsaming gjeld ikkje i dette høve då søknaden ikkje er fullstendig.

Med helsing

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øystein Leikvoll

Grønfjellet 12

5955

LINDÅS

1